



Trio frå Halsnøy som boltrar seg i det nye leikestativet: Martin Ingelsen (9), Martine Røen (8) og Henriette Tufte (7)

Som venta har besøket av gjestebåtar auka betrakteleg i dag - skjærtorsdag. Tidleg på ettermiddagen kunne Øyro Marina melda at dei hadde 13 båtar inne og då var berre ein plass ledig. No i kveld ligg det 20 båtar i hamna til Uskedal Båtlag og i tillegg kjem 2 ved Sandakaaien slik at summen blir 35.

- Det må vi vera særst godt fornøgde med, seier styreleiar Harald Erdal som sjølv fungerer som vert i kveld.

Han opplysar at dei fleste påsketuristane som kjem med båt til Uskedalen er frå den ytre delen av Hardangerfjorden, men det er også nokre frå Bergen i nord til Karmøy i sør.

Alt tyder på at gjestane trivs godt i båthamna. Så er da også tilbodet betre enn i fjor. Til dømes vart det under stordugnaden for stutt tid sidan sett opp eit betre leikestativ enn det nedslitne som var der. Det set ungane stor pris på. Stativet har vore hyppig i bruk dei siste dagane.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen